



Ny dirigent: Tor Skeie Olsen

Skulemusikken opnar ein ny sesong og det skjer med optimisme.

Grunnen til det er både musikarane sjølve og at korpset har fått ny dirigent - Tor Skeie Olsen. Det ga Thor Inge Dossland uttrykk for då han leia den tradisjonelle, årlege huskonserten i Aktivitetshuset i ettermiddag..

Etter ein allsidig avdeling med tre numre var det overdådig severing av dessert og kaker - diverre berre for 35 gjester.

'O bli hos mig', Cerenata og Olsen-banden gav eit inntrykk av at korpset allereie har lært mykje under øvingane så langt i haust.

Det same inntrykket hadde Døssland, som var overmåte glad for at Skeie Olsen hadde flytta heim til Kvinnherad frå Tysnes og at han hadde sagt ja til dette viktige oppdraget.

Kornettisten har ein allsidig utøvarbakgrunn - både frå Rosendal, Tysnes, Askøy og Garden og har klart det kunststykket å vinna solistpris i begge dei tio store korpstevlingane NM og Siddis.

Han har også vore dirigent og samarbeidd mellom andre med Yngve Nikolaisen.

- Vi håpar at du kan bygga opp eit godt korps og er kjempeglad for å ha deg her, sa Døssland som medga at korpset er i minste laget no - med berre 14 musikarar.

Det har faktisk ein gong hatt så mange som 30 utøvarar.

Altfor mange av dei yngste fell frå for tida. Tilgangen på aspirantar er god men mange gir opp før dei kjem inn eller etter eitt år.

På grunn av den aktuelle situasjon brukar den nye dirigenten det meste av tida på dei yngre.

Og disse tar i tillegg timer hos Lene Storevik Myklebust, Birgitte Hjelmeland og Kaja Døssland. Tre nye er no i korpset - det er Emilie Bringedal, Mia Myklebust og Stine Soldal.

Av Ola Matti Mathisen



Korpset hadde huskonsert i ettermiddag leia av den nye dirigenten.